

25. mars 2014

GJENNOMGANG AV ØKONOMISKE OG FORVALTNINGSMESSIGE SIDER KNYTT TIL STRANDA KOMMUNE SITT ENGASJEMENT PÅ STRANDAFJELLET

PROSJEKTSKISSE

1. BAKGRUNN

Stranda kommunestyre behandla plan for forvaltningsrevisjon i møte 14.11.2012, sak KOM-151/12, der det vart gjort følgjande vedtak i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet:

«Kommunestyret prioriterer følgjande prosjekt i Plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2012-2016:

- 1. Skjerming av lovpålagde oppgåver i ein situasjon med krav til stor økonomisk omstilling.*
- 2. Gjennomgang av utbygging i regi av Stranda hamnevesen KF og Strandafjellet KF*
- 3. Gjennomgang av rutinar og reglar for refusjon av sjukepengar frå NAV (fellesprosjekt med andre kommunar)*

Kontrollutvalet får delegert mynde til å fastsette eit meir spesifisert prosjektinnhald innanfor kvart tema som kommunestyret gjer vedtak om.»

Denne prosjektskissa er ei nærare konkretisering av kommunestyret sitt vedtak i punkt 2 knytt til gjennomgang av utbygging i regi av Strandfjellet KF.

Kontrollutvalet drøfta i møte 14.10.2013 under sak 25/13 prosjektskisse for ein forvaltningsrevisjon knytt til utbygginga på Strandafjellet. Det var semje om at prosjektet vil vere omfattande og at det er behov for avgrensingar. Avgrensingar som vart drøfta var:

- Salsprosessen
- Kva som skjedde i utbyggingsfasen
- Mulige forbetringar av prosessen
- Relasjonar mellom føretaket og aksjeselskapet

I tråd med drøftingane i kontrollutvalet, har kommunerevisjonen gjennomført møte med leiar i kontrollutvalet for nærare konkretisering av prosjektet.

Med bakgrunn i drøftinga i kontrollutvalet og møtet med leiar i kontrollutvalet, har kommunerevisjonen utarbeidd ei prosjektskisse som syner korleis prosjektet kan gjennomførast.

2. PROSJEKTOPPLEGG

2.1 Tema

Som grunnlag for prosjektet er det formulert ut følgjande tema for ein gjennomgang:

- Kort historikk om bakgrunnen for kommunen sitt engasjement.
- Kommunen sitt val av organisering og styringssystem for utbygginga på Strandafjellet.
- Vurdering av sterke og svake sider ved organiseringa som er valt.
- Kommunestyret si handsaming av låneopptak i tilknytning til utbygginga.
- Formannskapet sin bruk av kommunelova § 13 (hasteparagrafen) i tilknytning til saker som gjeld utbygginga på Strandafjellet.
- Økonomirapporteringa og informasjon om drifta av Strandafjellet KF til kommunestyret.
- Avviklingsfasen av kommunens engasjement på Strandafjellet.
- Salsprosessen og dei økonomiske konsekvensane av prosjektet for Stranda kommune.
- Kronologisk samandrag av dei viktigaste fasane i utbygginga.

2.2 Metode og gjennomføring

Prosjektet vil bli gjennomført i hendhald til følgjande prosjektplan:

- Eventuelt oppstartsmøte med rådmann og stab.
- Gjennomgang av dokument som omhandlar utbygginga og salsprosessen av skianlegget.
- Intervju med sentrale personar i administrativ og politisk leing.
- Sluttmøte med rådmann og stab.

2.3 Revisjonskriterier

I følge forskrift om revisjon skal det etablerast revisjonskriterier i forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriterier er den målestokken revisor gjer sine vurderingar opp imot. Nedanfor følgjer eit oversyn over revisjonskriterier som er aktuelle i dette prosjektet:

- Kommunelova med tilhøyrande forskrifter
- Lov om offentlege innkjøp med tilhøyrande forskrifter
- Interne reglement og instruksar i Stranda kommune (delegeringsreglement, økonomireglement mv)
- Vedtak i politiske organ i Stranda kommune

3. Ressursbruk – gjennomføring av prosjektet

Gjennomføring av prosjektet er avhengig av slutføring av salsprosessen.

Dersom denne no vert slutført, bør eit utkast til rapport kunne ligge føre seint hausten 2014/1. kvartal 2015.

Prosjektet legg opp til ein grundig gjennomgang av ulike sider knytt til både dei økonomiske og forvaltningsmessige sidene knytt til utbygginga og drifta av skianlegget på Strandafjellet.

Kommunerevisjonen har stipulert ressursbruken til å ligge vesentleg utover den timeressurs som er avsett til forvaltningsrevisjon i Stranda kommune. Det bør difor avklarast om prosjektet kan gjennomførast eksternt etter utlysing på Doffin.